

Temanotat

Kina: Omskoleringsleirane i Xinjiang



LANDINFO

Utlendingsforvaltningens fagenhet for landinformasjon

© Landinfo 2019

Materialet i denne publikasjonen er omfatta av åndsverklova. Utan særskild avtale med Landinfo er eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate når det er heimla i lov.

Spørsmål og reaksjonar på Landinfo sine rapportar kan rettast til:

Landinfo
Eininga for landinformasjon i utlendingsforvaltninga

Storgata 33 A

Postboks 2098 Vika

0125 Oslo

Tel: 23 30 94 70

E-post: landinfo@landinfo.no

www.landinfo.no

Om Landinfos temanotat

Eininga for landinformasjon i utlendingsforvaltninga (Landinfo) skal som fagleg uavhengig eining hente inn og analysere informasjon om samfunnstilhøve og menneskerettar i land som Utlendingsdirektoratet (UDI), Utlendingsnemnda (UNE) og Justis- og beredskapsdepartementet kan trenge kunnskap om.

Landinfos temanotat er baserte på opplysningar frå nøye utvalde kjelder. Opplysningane er handsama i samsvar med anerkjende kvalitetskriterium for landinformasjon og Landinfos retningslinjer for kjelde- og informasjonsanalyse.

Temanotata bygger på både skriftleg og munnleg kjeldemateriale. Ein del av informasjonen som vert formidla, er henta inn gjennom samtalar med kjelder på informasjonsinnhentingsreiser. Landinfo legg vinn på breidde i kjeldetilfanget, og så langt som mogeleg er det henta inn informasjon frå kjelder som arbeider uavhengig av kvarandre. Alt nytta kjeldemateriale er fortløpande referert i temanotata. Landinfo har tatt omsyn til at nokre av kjeldene ønskjer å vere anonyme. Notata gir ikkje noko uttømmmande bilde av tema som vert undersøkte, men dei klargjer problemstillingar som er relevante for UDIs og UNEs handsaming av utlendings saker.

Landinfo er ei fagleg uavhengig eining, og informasjonen som vert presentert, kan ikkje takast til inntekt for eit bestemt syn på korleis utlendingsforvaltninga bør handsame søknader. Landinfos temanotat er heller ikkje uttrykk for det synet norske styresmakter har på tilhøva og landa som notata handlar om.

About Landinfo's reports

The Norwegian Country of Origin Information Centre, Landinfo, is an independent body within the Norwegian Immigration Authorities. Landinfo provides country of origin information (COI) to the Norwegian Directorate of Immigration (Utlendingsdirektoratet – UDI), the Immigration Appeals Board (Utlendingsnemnda – UNE) and the Norwegian Ministry of Justice and Public Security.

Reports produced by Landinfo are based on information from carefully selected sources. The information is collected and analysed in accordance with [common methodology for processing COI](#) and [Landinfo's internal guidelines on source and information analysis](#).

To ensure balanced reports, efforts are made to obtain information from a wide range of sources. Many of our reports draw on findings and interviews conducted on fact-finding missions. All sources used are referenced. Sources hesitant to provide information to be cited in a public report have retained anonymity.

The reports do not provide exhaustive overviews of topics or themes, but cover aspects relevant for the processing of asylum and residency cases.

Country of Origin Information presented in Landinfo's reports does not contain policy recommendations nor does it reflect official Norwegian views.

SUMMARY

Over the past two years it has become clear that an extensive system of camps has been built in Xinjiang, and that a large number – perhaps more than a million – Muslims have been sent there for shorter or longer stays. Beijing claims that the camps are «vocational training centres» where Uyghurs and other Muslims receive training in Mandarin, politics, law and different professions. As the camps are closed to the public, journalists and researchers have to rely on alternative sources such as satellite photos, public tenders and testimonies from former detainees to map the system. Seemingly there are several types of camps, both long term and day centres. Most of the detainees are likely there involuntarily and it is plausible that psychological and/or physical abuse takes place, although it is not possible to assess to what extent. On exiting the camps, some are sent to do forced labour in factories associated with the camps. The aim of the system is probably to transform the Muslims of Xinjiang into loyal citizens of the People's Republic without competing loyalties to Islam, their own culture or a pan-Turkic community.

SAMANDRAG

Dei siste to åra har det vorte klart at kinesiske styresmakter har oppretta eit svært omfattande system av leirar i Xinjiang og at eit stort tal – kanskje ein million, kanskje fleire – muslimar er sende dit for kortare eller lengre opphald. Styresmaktene hevdar at leirane er «yrkesopplæringscenter» der uighurar og andre muslimar får opplæring i yrkesfag, mandarin, juss og politikk for at dei skal kunne ta del i arbeidslivet og unngå radikalisering. Leirane er imidlertid stengde for innsyn frå allmenta, så for å finne ut av kva som går føre seg der, må journalistar og forskarar lene seg på alternative kjelder som satellittfoto, offentlege anbod og vitnesbyrd frå tidlegare innsette. Det ser ut til at det finst mange ulike typar leirar, både kort- og langtids, det er sannsynleg at dei fleste opphalda er ufrivillige, og det er også truleg at psykisk og/eller fysisk mishandling finn stad, sjølv om det er uråd å seie i kva grad. Etter endt opphald i leir, kan ein verte sendt til tvangsarbeid ved tilstøytande fabrikkar. Systemet har truleg som formål å transformere muslimane i Xinjiang til lojale borgarar av Folkerepublikken utan konkurrerende lojalitetar til islam, eigen kultur eller pan-tyrkisk fellesskap.

INNHALD

1. Innleiing	6
2. Bakgrunn	7
3. Kjelder og informasjonstilgang	8
3.1 «Guided tours» syner fine leirar og takksame «studentar».....	8
3.2 Forsking og gravejournalistikk gjev eit dystreare bilete	9
4. Lite er visst om kva som går føre seg i leirane	10
4.1 Bodskap: Transformasjon gjennom opplæring i yrkesfag, mandarin og juss.....	10
4.2 Praksis: Indoktrinering gjennom fridomsrøving.....	12
5. Lengda på opphald i leirane varierer	14
5.1 Tvangsarbeid i forlenginga av opphaldet	15
6. Mange kan vere utsett.....	15
7. Kva vil skje vidare?	17
8. Referanser	19

1. INNLEIING

Xinjiang, eller Aust-Turkestan som mange uighurar kallar regionen, er ein såkalla autonom region nordvest i Kina. Ein autonom region er ei administrativ eining på nivå med ein provins, men som i teorien har meir sjølvstyre grunna høgt tal av etniske minoritetar i befolkninga. I praksis styrer imidlertid det kinesiske Kommunistpartiet med like hard, eller ofte hardare, hand i dei autonome regionane enn i dei regulære provinsane.

Xinjiang har kring 23 millionar innbyggjarar, og av dei er kring 40 prosent han-kinesarar. Omlag 46 prosent er uighurar, og resten av befolkninga består stort sett av kasakar, kirgisarar og huiar. Regionen er Kinas største: Med 1 665 000 km² er han på storleik med Vest-Europa, og det er store olje-, gass-, kol- og mineralførekomstar der (China Story 2012). I tillegg ligg regionen midt i leia for Kina sitt nye megaprojekt, The Belt and Road Initiative, eller Den nye silkevegen. Dette er eit enormt konglomerat av store investeringar og infrastrukturprosjekt som på nytt skal gjere Kina til sentrum i eit verdsomspennande nettverk av handelsruter. Ro og stabilitet i Xinjiang er imperativt for at investeringar, transport og byggeaktivitet skal få gå uforstyrra.

Xinjiang vert ofte beskrive av kinesiske styresmakter og medium som «the front line of China's battle against terrorism» (Cui 2014) og liknande. I den angivelege hensikt å sikre den ønskete roa og stabiliteten, er ei lang rekkje sikringstiltak satt inn, og mange av desse grip djupt inn i folk sin personlege fridom. Mellom anna vart *bianminka*, «Det praktiske folkekortet», innført i 2014 (og så avvikla att i 2016 av uklare årsaker). Dette var eit obligatorisk «innanlandspass» som alle innbyggjarar i Xinjiang måtte søke om i heimkommunen sin. Kortet hadde liten praktisk tyding for han-kinesarane, medan mange uighurar vart haldne att på heimstaden, og nokre vart gripne av politiet og internerte då dei møtte opp for å søke om kortet¹ (Byler 2018; Kuo 2017; Economist 2016). Joanne S. Finley (2019) ved Newcastle University ser dette som det eigentlege startskotet for «the project of mass internment for political re-education» som ho meiner å sjå i provinsen i dag.

Overvakinga i regionen har auka dei siste åra, og etter at Chen Quanguo tok over som partisjef i provinsen i 2016, har den vorte nærmast total: Både Der Spiegel (Zand 2018) og The Economist (2018) kallar Xinjiang for ein overvåkings- eller politistat verda ikkje har sett maken til. «Dei siste fire åra har Xinjiang vore gjenstand for nokre av dei mest restriktive og altomfattande tryggingstiltaka som nokon sinne har vore satt inn frå ein stat mot dens eige folk», skriv BBC (Sudworth 2018). Mange av tiltaka var allereie svært synlege då Landinfo vitja Urumqi i november 2016. Det var overvåkingskamera, såkalla «pop up-politistasjonar» og politi – både uniformert og sivilkledd – overalt, og ein måtte gå gjennom tryggingssjekkar for å kome inn på kjøpesenter, togstasjonar og hotell. Om ein forsøkte å ta eit bilete nær eit «sensitivt» punkt, som til dømes ein moské, vart ein raskt stoppa av politiet eller andre offentlege tenestepersonar som dukka opp som frå ingen stads.

Ny teknologi vert stadig teke i bruk for å perfeksjonere overvakinga, og i ein rapport frå mai 2019 beskriv Human Rights Watch (HRW) ein mobilapp som politiet og andre offentlege tenestepersonar nyttar for å kommunisere med den såkalla Integrated Joint

¹ Byler (2018, s. 49) hevdar at «Like the passbook system that was instituted in Apartheid South Africa, the goal of this system was to force the unwanted racial other from locations that were desired by the settler population».

Operations Platform, eitt av styresmaktene sine hovudsystem for masseovervaking i Xinjiang.

«Byane i Xinjiang kan ikkje tilsette politifolk raskt nok», skriv Bloomberg (Martin 2019). Offentleg statistikk syner at regionen sine utgifter til offentleg tryggleik nær dobla seg i 2017 – frå august 2016 til juli 2017 skal meir enn 90 000 tryggleiksrelaterte jobbar ha vorte annonserte. Dette var ifølgje Le Monde Diplomatique (Castets 2019) tolv gongar fleire enn i 2009, som jo òg var eit år med svært stor uro i regionen. Målet, slik Le Monde Diplomatique ser det, er at tryggingssystemet skal ha nærvær i kvar landsby og grend i Xinjiang. Slike tiltak gjer at mange no omtalar Xinjiang som ein politistat (sjå t.d. Niewenhuis 2018).

2. BAKGRUNN

Våren 2017 byrja det å kome rapportar om at mange muslimar i Xinjiang – altså ikkje berre uighurar, men òg kasakar, huiar og kirgisarar – vart arresterte eller forsvunne i noko som såg ut til å vere interneringsleirar. Mot 2018 vart det klart at det dreide seg om ein storstilt offensiv der hundretusenar av uighurar og andre hovudsakleg muslimske minoritetar i Xinjiang vart sende til eit raskt framveksande system av leirar i regionen, sjølv om kinesiske styresmakter nekta for at noko slikt var på gang.

Etter eit stykke tid vart likevel bevisa – mellom anna frå satelittfoto, offentlege anbod på storstilte utbyggingsprosjekt og bestillingar på store mengder «tryggingssystem» som handjern, tåregass og elektriske politibatongar – for utvitydige (sjå t.d. Dooley 2018; Sudworth 2018 for nokre av satelittfotoa). Styresmaktene snudde då og innrømma at leirane fanst, men dei insisterte på at det ikkje dreidde seg om interneringsleirar eller såkalla *re-education camps*², men derimot «yrkesopplærings-senter» (*vocational training centres*) der uighurar og andre minoritetar får yrkes-, juss- og språkopplæring.

I løpet av 2018 vart det klart at eit svært høgt tal menneske, kanskje ein million eller meir, var sende til desse leirane (Nebehay 2018; Zenz 2018)³. Det meste anna var imidlertid uvisst – kor lenge dei vart verande i leirane, kva dei gjorde eller vart utsette for der og utvalskriteria for kven som skulle sendast dit. Etter kvart som ein del forskarar og journalistar har tatt for seg systemet, og nokre tidlegare innsette har uttala seg, har biletet vorte tydelegare.

Landinfo vel å nytte ordet «omskoleringsleir» om leirane eller sentera på norsk, mellom anna fordi dette kan famne både yrkes- og tankemessig (om)skolering. Kva gjeld dei som er sende til leirane, vert dei i utanlandske medium gjerne omtala som «innsette» (*detainees*), medan kinesiske medium omtalar dei som «studentar»

² Uttrykket refererer til det administrative systemet som vart kalla «re-education through labour» (*laojiao*), der personar som hadde gjort mindre misferder, men også politisk opposisjonelle og andre, vart fengsla utan rettsleg prosess i opptil fire år. Systemet vart offisielt avskaffa i 2013.

³ Ein million er talet FN har sagt dei ser som truleg (Martin 2019; Millward 2019), sjølv om estimata frå ulike kjelder ligg på mellom 800 000 og 2 millionar, sjå t.d. Busby (2018). Adrian Zenz er ei av hovudkjeldene for talet: “Cross-referencing this information with other media sources, Zenz suggests that at least several hundred thousand and possibly over a million Uighurs and other Muslim minorities could have been interned for re-education” (Sudworth 2018). Sjå side 17 for ei oppjustering av dette talet for 2019.

(*trainees*). Gitt den låge graden av frivilligheit det sannsynlegvis dreier seg om for dei fleste, vel Landinfo å hovudsakeleg nytte «innsette».

3. KJELDER OG INFORMASJONSTILGANG

Kinesisk presse er kontrollert av styresmaktene, og dette er særskilt strengt i Xinjiang. Kinesiske medium kan ofte vere gode kjelder om mange tema, og nokre er gjerne kritiske og driv gravejournalistikk med fare for både redaktør og journalistar sine stillingar. Men dette gjeld andre stader i Kina. I Xinjiang (og Tibet) er det umogleg.

Det kinesisk media fortel om emnet, er i høg grad positive historier om at leirane tilbyr frivillig yrkesopplæring og at «deltakarane» er glade for denne sjansen til å bytte ut lediggang og/eller radikalisererte tankar med konstruktiv utdanning og arbeidspraksis (sjå til dømes CCTV 2018a; b; Xinhua 2018; Sudworth 2018; Zhou 2017).

«Etter å ha gjennomgått denne opplæringa, ser eg klårt mine eigne feil. Når eg kjem heim att, vil eg fortsette å studere, vere ein god samfunnsborgar og verte eit førebilete for menneska rundt meg», uttala Abulikemu Abudureyimu, student ved Hetian omskoleringsleir til Sina.cn i oktober 2018.

Det er med andre ord liten grunn til å feste lit til kinesiske rapportar om leirane i Xinjiang. Heller ikkje sosiale medium kan bidra med mykje informasjon til allmenta. Desse er sensurerte (og nokre er blokkerte) i Kina, og i endå høgare grad i Xinjiang. Dei innsette i leirane får ikkje bruke, kanskje ikkje eingong behalde, telefonen sin under opphaldet. Dei får heller ikkje kommunisere fritt med familien eller resten av utanverda (Kuo 2018; Sudworth 2018; Bunin 2019).

Ingen utanforståande, korkje utanlandske journalistar eller andre nøytrale observatørar, har tilgang til leirane. Utanlandske journalistar får i utgangspunktet fritt reise til og rundt i Xinjiang, men vert fotfølgde og overvaka av styresmaktene i det meste dei gjer der, og personar dei har snakka med, vert konfronterte av politiet etterpå (t.d. Sudworth 2018; Martin 2019). Leirane er stengde for allmenta.

3.1 «GUIDED TOURS» SYNER FINE LEIRAR OG TAKKSAME «STUDENTAR»

Nokre få utanlandske journalistar og andre har fått tillating til å vitje leirane. Desse har fått velregisserte framsyningar (sjå t.d. Richardson 2019).

I januar 2019 vitja ein delegasjon frå EU Urumqi og Kashgar i tre dagar. Delegasjonen var overvaka (*supervised*) av kinesiske tenestepersonar under heile opphaldet, og fekk «extensive supervised access» til mellom anna eitt av dei kontroversielle «opplærings-sentera». Ein representant for delegasjonen uttala til AFP (2019) at «stadane vi vitja, var nøye utvalde av styresmaktene for å støtte oppunder Kinas offisielle narrativ». Delegasjonen fekk inntrykk av at styresmaktene hadde planlagt turen nøye for å gje eit godt inntrykk: Eitt senter dei vitja, var tydeleg nymåla, og overvakingsskameraa var tilsynelatande skrudd ned og fjerna. Dei besøkande hadde òg inntrykk av at personane dei fekk snakke med, var «scripted» (AFP 2019).

Reuters-journalist Ben Blanchard fekk òg tilgang til en leir på invitasjon frå kinesiske styresmakter i januar 2019. Videoklipp i reportasjen syner ein lys og nybygd skule, og som vanleg er når kinesiske styresmakter skal portrettere minoritetane, er uighurane

for høvet kledd opp i fargerike, «tradisjonelle» klede. I videoklippet dansar dei og syng den engelskspråklege songen If you're happy and you know it. Til kameraet fortel eit intervjuobjekt at ho er der frivillig etter å ha kome i kontakt med skadeleg, religiøs ekstremisme (Blanchard 2019).

Landinfo meiner at det som EU-delegasjonen og Reuters vart viste, med høgt sannsyn var stramt regissert og at dei dei snakka med, ikkje kunne uttale seg fritt.

3.2 FORSKING OG GRAVEJOURNALISTIKK GJEV EIT DYSTRARE BILETE

Sidan tilgangen på truverdig informasjon om leirane – og dei fleste andre tilhøve i Xinjiang – er avgrensa, har ein del forskarar og journalistar teke i bruk alternative metodar for å finne ut meir om leirane og omfanget av systemet.

Ein av desse er Adrian Zenz, universitetslektor ved European School of Culture and Theology i Tyskland. Gjennom søk i offentlege medium og på styresmaktene i Xinjiang sine eigne nettsider har Zenz og andre funne store bestillingar som styresmaktene har gjort på bygging eller ombygging av til dels svært store anlegg – gjerne på 10 000 m², og det største på 82 000 m² – og installasjon av «comprehensive security features», slik som vaktårn, piggråd, arrestrom og overvakingssystem som ikkje etterlét blindsonar (Zenz 2018 s. 17–20; Sudworth 2018).

Likeins har AFP gått gjennom meir enn 1500 offentleg tilgjengelege «government documents» – alt frå anbod og budsjett til offisielle arbeidsrapportar – og funne senter som kjøpte inn politiuniformer, hjelmar, skjold, pepparspray, tåregass, *net guns*, elektroshokkpistolar, batongar (både elektriske og andre typar), spyd, handjern og nagleklubber (*spiked clubs*) (AFP 2019).

«In [...] the mundane measurements and quantities described, there is the unmistakable substance of a rapidly expanding network of mass confinement», skriv John Sudworth (2018). Leiren som han oppsøker i BBC-artikkelen, er omkransa av høge murar og 16 vaktårn. Det same gjeld for andre leirar, som til dømes nokre som Ben Blanchard (2019) har oppsøkt.

Den utanlandske nyheitsformidlarer med kanskje best kjeldenettverk i Xinjiang, er Radio Free Asia (RFA). Dei får ofte lokale tenestepersonar i politiet og byråkratiet til visst mon i tale (sjå t.d. Hoshur 2018a og 2018b). Men sidan leirane er stengde for «uvedkomande», og offentlege tenestepersonar gjerne kvir seg for å uttale seg til media om slike ting, er tidlegare innsette og slektningane deira i mange tilfelle dei einaste kjeldene til livet inne i leirane.

Den frivillige organisasjonen Atajurt Kazakh Human Rights har intervjuar ei lang rekkje pårørande til innsette og personar som har forsvunne i Xinjiang. Vitnesbyrda er publisert på Atajurt sin YouTube-kanal. Landinfo har ikkje nært kjennskap til Atajurt, men mellom anna New York Times (Buckley & Ramzy) vektlegg vitnesbyrda som vert gjeve der (Bunin 2019). Det gjer òg Gene Bunin, som er basert i Almaty, skriv i Foreign Policy og har forska på det uighurske språket i Xinjiang sidan 2008 (Guardian u.å.). Bunin har òg starta Xinjiang Victims Database, der folk kan leggje inn vitnesbyrd om personar dei veit eller trur er sende til ein omskoleringsleir. Per 14. mai 2019 ligg det 4055 vitnesbyrd av ulik karakter der.

Xinjiang Victims Database har offisielle «supportarar», deriblant Darren Byler, antropolog og universitetslektor (*lecturer*) ved Washington State University som har skrive doktorgraden sin om uighurane sin situasjon og såkalla «terror capitalism» i

Urumqi over lengre tid. Byler driv også nettstaden The Art of Life in Chinese Central Asia (sjå t.d. Anderson 2019) i samarbeid med uighurske, han-kinesiske og kasakhiske skribentar.

Iblant klarer også utanlandske journalistar å finne ut noko om leirane – mellom anna har Associated Press (Shih 2018), Foreign Policy (2018) og BBC (Sudworth 2018) intervjuar tidlegare innsette i ulike leirar. Dei hevdar at det intervjuobjekta fortel, er innbyrdes konsistent. Imidlertid lar historiene som vert fortalde av tidlegare innsette, seg vanskeleg verifisere. Kinesiske styresmakter vil ikkje svare på slike førespurnadar frå journalistar, eller svarar kategorisk nektande på alle spørsmål som antyd at noko negativt går føre seg i leirane (sjå t.d. Watson & Wescott 2019 og Mo 2019). Journalistar som skal vurdere vitnesbyrd frå leirane, må derfor sjå på andre ting, som til dømes samsvar internt og mellom ulike vitnesbyrd.

4. LITE ER VISST OM KVA SOM GÅR FØRE SEG I LEIRANE

I kinesiske medium gjev «studentane» i leirane uttrykk for at dei er lukkelege og takksame for at partistaten har sett dei og redda dei frå ekstremismens klør før det var for seint. Ein «student» fortel at han tener kring RMB 1500 i månaden (Xinhua 2018). Det er omtrent på line med minimumsløna i regionen (China Daily 2018). Ein annan fortel at tidlegare, då han var infisert av religiøs ekstremisme, tvang han kona si til å bære slør. No, derimot, har ho fine klede på når ho besøker han i leiren, og han er svært stolt av den pene kona si (Xinhua 2018).

Turenisha Abuduaizi, «student» ved eit senter i Hotan, uttala til Sina.cn (2018):

Eg tør ikkje tenkje på kva som kunne skjedd om eg ikkje hadde kome hit. Kanskje ville eg ha følgd dei religiøse ekstremistane inn i kriminaliteten. Men Partiet og styresmaktene oppdaga meg i tide; dei redda meg og ga meg ein sjanse til å starte eit nytt og betre liv. Eg er så takksam, og eg vil syne takksemnda mi i handlingane mine framover.

Det er liten grunn til å tru at desse personane snakkar fritt og/eller er representative for det store fleirtalet innsette.

4.1 BODSKAP: TRANSFORMASJON GJENNOM OPPLÆRING I YRKESFAG, MANDARIN OG JUSS

Bodskapen frå partistaten er at separatisme, religiøs ekstremisme og terror («Dei tre kreftene») er store nasjonale og internasjonale problem. Innhaldet i og materialiseringa av «Dei tre kreftene» (ei direkte omsetjing av *san gu shili*, dog ofte referert til som «the tree evils» av utanlandske medium) er ikkje eintydig definert, men Kina kjempar mellom anna mot dei gjennom å drive desse leirane i Xinjiang «i samsvar med relevante lovar og reguleringar». Dette er ei standardfrase, og det vert sjeldan eller aldri sagt noko meir om *kva for* lovar og reguleringar det vert sikta til. Lovar og reglar, kinesisk kunnskapar og yrkesfaglege ferdigheiter er ifølgje det statlege China Central Television (CCTV 2018a) dei viktigaste temaa i opplæringa – og av desse er dei siste viktigast.

Ekstremisme er delvis definert og eintydig forbode gjennom den reviderte versjonen av Xinjiang si Regulering mot ekstremisme frå oktober 2018 (§ 3, 9). Såkalla «normal religiøs aktivitet» og «etniske tradisjonar» er tillate, medan «illegal religiøs aktivitet» og «ekstremistisk åtferd» skal slåast ned (§ 10). Styresmakter på kommunenivå (*xianji*) og høgare vert gjeve fullmakt til å opprette «senter for yrkesutdanning og -opplæring» for å «gjennom utdanning transformere personar som er påverka av ekstremisme» og for å drive «godt av-ekstremiseringsarbeid» (§17). Reguleringa gjev òg døme på kva type aktivitet sentra skal drive, og det dreier seg om ulike typar tanke- og åtferdsjustering gjennom rettleiing og lov- og språkopplæring i tillegg til yrkesopplæring (§14 og §33) (Forskrift mot ekstremisme 2018; Lau 2018).

Spekteret av handlingar som fell inn under ekstremisme, er svært breitt, og inkluderer mellom anna «unormale» skjegg, bruk av slør, å nytte omgrepet «halal» om andre ting enn mat, å nytte «fanatisk religiøse» namn og å ikkje lese/sjå på statlege medium og underhaldningsprogram. I tillegg kjem ting som å skade/øydelegge ID-kort, *hukou*-bøker og pengesetlar, og å ikkje følgje familieplanleggingspålegga. Og som vanleg er i kinesisk lovgiving, vert det i siste ledd i paragrafen (§ 9 (15)) lagt til ein open klausul som forbyr «andre ekstremistiske uttrykk og handlingar». Dette leddet kan nyttast for å slå ned på aktivitetar og haldningar som ikkje er eksplisitt forbode gjennom dei andre paragrafane.

James Millward, Kina-historikar og Xinjiang-kjennar ved Georgetown University, meiner at den offisielle definisjonen av «extremism», har ekspandert progressivt, og no inkluderer verdslege (*mundane*) muslimske praksisar «and, indeed, [...] much of what it means to be a Uighur». Han siterer òg ein annan Xinjiang-kjennar, Rian Thum, som meiner at «It is impossible to be Uighur without violating these new rules» (Millward 2019).

Omgrepet som vert nytta om leirane, må tenkjeleg seie noko om kva målet med dei er. På kinesisk vert mange forskjellige ord nytta, mellom anna fleire variantar av omgrepet «senter for yrkesutdanning og -opplæring» (*zhiye jineng jiaoyu peixun zhongxin*), som er det som vert nytta i Reguleringa mot ekstremisme (2018). I tillegg finn vi «senter for transformasjon gjennom utdanning» (*jiaoyu zhuanhua peixun zhongxin*), “juridisk skule” (*fazhi xuexiao*) eller «senter for av-ekstremisering og transformasjon gjennom utdanning» (*qujiduanhua jiaoyu zhuanhua zhongxin*) og så bortetter (sjå t.d. Zenz 2018; Roberts 2018 s. 19).

Nokre kommentatorar har nytta uttrykket «konsentrasjonsleir» om leirane (sjå t.d. WP 2018), moglegvis fordi ordet *jizhong* – som tyder å konsentrere eller sentralisere – inngår i eitt av dei mange kinesiske omgrepa som vert nytta om leirane. «Konsentrasjonsleir» gjev imidlertid feil konnotasjonar. Kinesiske styresmakter ynskjer ikkje å utrydde uighurane, og leirane er ikkje tilinkjesgjeringssenter. Derimot ynskjer partistaten å forme om uighurane sin identitet og transformere dei til gode borgarar i landets, sosialismens og Kommunistpartiets teneste. Med orda til leiaren av Kinas Central Political and Legal Affairs Commission i 2017 (sitert i Zenz 2018, s. 16), er siktemålet å «...thoroughly reform[ing] them toward a healthy heart attitude» (sjå òg Buckley 2018).

Nokre Xinjiang-kjennarar, som Sean Roberts (2018), meiner at kinesiske styresmakter ser uighurane som ein biologisk samfunnstrussel på linje med eit virus. I kraft av sin etnisitet er dei farlege for resten av befolkninga, og derfor kan dei aldri heilt uskadeleggjast. Dei må derfor staggast (*be contained*) gjennom fysisk åtskiljing, overvaking

og internering. Dette gjeld i leirane så vel som i regionen som heilskap, som òg er overvaka i ekstremt høg grad.

Det finst òg krefter i partistaten som talar for assimilering av Kina sine 55 minoritetar inn i ein altomfattande pan-kinesisk etnisitet – *Zhonghua minzu*. Tanken er at berre når dette har inntreft, og lojaliteten til minoritetane er vridd frå deira eige gruppe til den store all-kinesiske familien, vil landet oppnå stabiliteten det alltid har lengta etter (sjå t.d. Millward 2019). Dette gjer det viktig å fokusere på (han-)kinesisk språk og kultur i leirane.

Religiøs tru og handling er ikkje forbode i Kina, men innhald og uttrykk skal vere kontrollert av partistaten for å være tillate. Sterke religiøse oppfatningar og praksisar, som til dømes dei hjå mange tibetanarar og uighurar, er uforliklege med den einskaplege, pan-kinesiske identiteten som *Zhonghua minzu* inneber. Dei inneber òg alternative verdssystem som kan svekkje Kommunistpartiet si gjennomslagskraft.

Aspekt som eige språk og oppfatning av å vere eit eige folk kan innebere motstand mot det kinesiske prosjektet og Den kinesiske draumen – president Xi Jinpings store visjon for eit gjenoppstått og forynga Kina som endeleg er den stormakta det fortener å vere. Leirane er eit ledd i ein offensiv for å kurere heile befolkningsgrupper – uighurar som kasakar og kirgisarar – for avvikande tankar og omskape dei til gode medlemmer av den storkinesiske familien utan avvikande lojalitetar, separate identitetar eller religiøse idiosynkrasiar⁴.

Som Buckley & Ramzy (2018) skriv:

The program aims to transform scattered Uighurs, Kazakhs and other ethnic minorities — many of them farmers, shopkeepers and tradespeople — into a disciplined, Chinese-speaking industrial work force, loyal to the Communist Party and factory bosses, according to official plans published online.

4.2 PRAKSIS: INDOKTRINERING GJENNOM FRIDOMSRØVING

Kinesiske styresmakter hevdar altså at yrkesopplæring og -praksis er det viktigaste som skjer i leirane. Gjennom arbeidspraksis skal «studentane» få lønna opplæring (folk fortel det statlege CCTV om RMB 1300–1600 i månaden) og ein sjanse til å livnære seg på rettskaffent vis etterpå. Saman med undervisninga i kinesisk språk gjer dette at dei kan jobbe og tene pengar kvar som helst etterpå, ifølgje ein av «studentane» på eit senter i Hotan (CCTV 2018a).

Til utanlandske medium fortel imidlertid tidlegare innsette at dagane i leirane består av «a high-pressure indoctrination program», der dei må lytte til foredrag, syngje hymner til Kommunistpartiets pris og skrive sjølvkritikk-essay (Buckley 2018). Ein tidlegare innsett fortel til AP (Shih 2018) at:

Internees would wake up together before dawn, sing the Chinese national anthem, and raise the Chinese flag at 7:30 a.m. They gathered back inside large classrooms to learn “red songs” like “Without the Communist Party, there is no New China,” and study Chinese language and history. They were told that the indigenous sheep-

⁴ Han-kinesarane har alltid hatt ei oppfatning av seg sjølv som kulturelt mest “utvikla” og minoritetane som «tilbakeståande» (*luohou*) i varierende grad. Derfor har han-kinesarane plikt til å rettleie, utvikle og utdanne minoritetane: «It is like if you have a child who misbehaves,» said Du Xuemei, a [Han Chinese in Xinjiang]. «The parents need to teach it right from wrong» (Martin 2019).

herding Central Asian people of Xinjiang were backward and yoked by slavery before they were “liberated” by the Communist Party in the 1950s.

Dette er kjende tonar i kinesisk minoritetspolitikk, gjenkjenneleg til dømes frå retorikken som partistaten nyttar om Tibet. Òg andre kjelder fortel liknande historier om «studiane» i leirane (sjå t.d. Foreign Policy 2018).

Ein viktig del av «pensum» i leirane, er å fornekte si religiøse tru (Buckley & Ramzy 2018; Foreign Policy 2018). I tillegg kjem fysisk fostring, pugging av kinesiske lovar og regler, og altså synging av såkalla «patriotiske» songar og songar som hyller Kommunistpartiet. Stor vekt vert òg lagt på lesing av kinesiskspråklege tekstar som både skal gje auka språkforståing og instruere lesarane i kva det inneber å vere ein god borgar av eit harmonisk Kina. Fordømming av «dei tre kreftene», altså alle former for separatisme, religiøs ekstremisme og terrorisme, står sentralt.

Dette er kjend, og har delvis vore vist fram på offisielle besøk utanfrå. Men tidlegare innsette rapporterer òg om ulike former for fysisk og psykisk mishandling. Mange medium skil imidlertid ikkje mellom fengsel og omskoleringsleirar, og ved nærare ettersyn ser det ut til at mykje av den rapporterte mishandlinga har funne stad i fengsel og ikkje i leirane. Til dømes hevdar ingressen i RFA sin rapport «Behind the walls» (2018c) at uighurane som vert intervjuar der, fortel om sine opplevingar i omskoleringsleir. Men fleire av dei har av ulike grunner vore innom eit fengsel først, og ein del av mishandlinga eller torturen dei fortel om, fann stad der og ikkje i omskoleringsleirane. Også den kasakhstanske statsborgaren som Associated Press ((AP) Shih 2018) intervjuar, vart utsett for mishandling i (vilkårleg) varetektsfengsel, og *deretter* sendt til ein omskoleringsleir. Det er kjend at fysisk mishandling finn stad i kinesiske fengsel, særleg i samband med varetekt og avhøyr⁵.

Human Rights Watch (HRW) skil i sin rapport «Eradicating Ideological Viruses» klårt mellom fengsel, varetekt og politiske leirar. Rapporten kom ut i september 2018, og så langt det året var det rapportert om fire dødsfall i leirane (tal frå RFA). HRW har intervjuar 58 personar frå Xinjiang som no bur utanlands, inkludert fem tidlegare innsette og 38 slektningar av innsette (dette gjeld alle tre formar for fridomsrøving). Ein av dei fortel at far hans døyde under uklåre omstende i ein leir i 2017. Andre fortel om søvnavbrot, lange periodar der dei måtte stå eller sitje i same posisjon, overfylte celler/leirar, lite mat og utilstrekkeleg helsehjelp. I tillegg rapporterer dei om høgt mentalt stress, mellom anna fordi det var uklart kor lenge ein skulle vere der.

AP (Shih 2018) skriv om leirane at vald ikkje vart brukt på regulær basis, men at alle innsette dei snakka med, hadde sett minst eitt tilfelle av «rough treatment or beatings». Tidlegare innsette har òg fortalt til andre kjelder, mellom anna BBC (Sudworth 2018), at dei vart slått av vaktene i leirane. Minst ein av dei BBC har intervjuar, er same person som RFA snakka med i rapporten «Behind the Walls» (2018c). Ei av dei RFA intervjuar, fortel at både ho og ein medfange vart plasserte i ein såkalla «tiger chair», der ein får hender og føter lenka til stolen. Igjen er det vanskeleg å vite om dette var i varetektsfengsel eller omskoleringsleir.

Det er med andre ord ikkje råd å seie noko sikkert og allmenngyldig om i kva grad mishandling finn stad i dette interneringsapparatet. HRW (Richardson møte 2019)

⁵ Sjå t.d. årsrapportane for Kina frå USA sitt State Department. Desse kan lastast ned frå <https://www.state.gov/j/drl/rls/hrrpt/humanrightsreport/>.

meiner at uvissa rundt både lengda på og innhaldet i opphaldet i seg sjølv utgjer psykisk mishandling.

Landinfo ser det også som sannsynleg at fysisk og psykisk mishandling i visst mon finn stad. Til dømes kan krav om å fornekte si religiøse tru, opplevast som eit overgrep, og det bryt med prinsippet om religionsfridom både som nedfelt i Kinas eige grunnlov (artikkel 36) og i den Internasjonale konvensjonen om sivile og politiske rettar (artikkel 18), som Kina har signert, men ikkje ratifisert. I tillegg er leirane utilgjengelege for allmenta og (utanlandske) medium, og dei som slepp ut, vil eller tør i svært liten grad fortelje om tilhøva der. Dermed kan eventuell mishandling skje med liten fare for represaliar mot dei ansvarlege. Dehumanisering av dei innsette, mellom anna gjennom omtale av dei som hjernevaska ekstremistar og som «smittefarlege» (*infected*) og «infisert av ideologiske virus» (HRW 2018; RFA 2018c; RFA 2018b), kan saman med manglande innsyn auke sannsynet for mishandling.

BBC (Sudworth 2018) summerer opp systemet som «exercise, bullying and brain-washing».

5. LENGDA PÅ OPPHALD I LEIRANE VARIERER

Varigheita av folk sine opphald i leirane er uviss. I og med at folk ikkje vert sende dit som følgje av ein dom, er det heller ikkje noko kjend tidsavgrensing på opphaldet. Det er ulike «nivå» på leirane, som varierer frå «... åpne politiske skoleringsentre [til] lukkede leirer med jerndisiplin» (Castets 2019). BBC (Sudworth 2018) skriv om Ablet, ein uighur som no oppheld seg i utlandet at

He was there for a month in late 2015 and, in some ways, he is one of the lucky ones. In the early days of the internment camps, the lengths of the re-education “courses” appear to have been shorter. Over the past two years there are very few reports of anyone being released at all.

Sudworth sin referanse på den siste setninga over, er ein RFA-artikkel frå august 2018(a), der ein polititenestemann i Aksu uttaler at ingen hadde vorte sleppt laus frå leirane der sidan interneringa starta på våren året før (Hoshur 2018a):

“No one has been released from the re-education camps yet,” the staffer said, speaking on condition of anonymity. “The earliest people sent for re-education went a year-and-a-half to two years ago.”

Peter Martin (2019), journalist i Bloomberg, vitja Xinjiang i januar 2019. Han snakka mellom anna med ein uighur i Hotan som hadde fleire familiemedlemmer som hadde vorte sende til slike leirar: «“People go for two years minimum, and many for three years,” the Uighur man told me. “The first one or two years you can take it, but after that, you can’t.”»

Så nokre kan vere i leirane i månader og år. I den andre enden av skalaen finst såkalla «opne» leirar, der folk får reise heim om kveldane (Hoshur 2018b). Desse «dagsentera» er for personar som skal ha gjort mindre misferder («minor cases»), ifølgje RFA si kjelde i politiet, som ikkje seier noko meir om kva type handlingar det dreier seg om.

Det verkar å vere svært vanleg at ein ikkje veit kor lenge ein vil verte sitjande når ein vert sendt til ein leir. Ofte veit heller ikkje slektningane til dei innsette kvar dei er. Når dei innsette etter kvart slepp ut, er fridomen gjerne «partial at best», sidan mange vert sende i husarrest eller andre former for fridomsrøving (Bunin 2019; Buckley & Ramzy 2018).

5.1 TVANGSARBEID I FORLENGINGA AV OPPHALDET

Ei form for fortsett fridomsrøving, er meir eller mindre tvunge arbeid i fabrikkar som i ulik grad er knytte til leirane. Det kjem rapportar frå Xinjiang om at uighurar må utføre ufrivillig fabrikkarbeid for USD 95 (om lag RMB 600) i månaden. Dette fortel ein Tyrkia-basert forskar som New York Times (Buckley & Ramzy 2018) har snakka med. Ifølgje ein plan frå lokalstyret i Kashgar som New York Times har fått tilgang til, sikta styresmaktene der mot å sende 100 000 personar frå treningsleirane til fabrikkar berre i 2018.

Internasjonale medium rapporterer derimot om at personar vert pressa eller tvunge til å arbeide i bestemte fabrikkar etter enda «yrkesopplæring» i leirane. New York Times (Buckley & Ramzy 2018) skriv at kinesiske styresmakter aktivt anbefalar bedrifter å setje opp fabrikkar i nærleiken av treningsleirane i eit «factory program» som skaut fart dei siste månadene i 2018.

RFA (2019) skriv mellom anna om ni kvinner frå Ghulja (Yining) som vart sende attende til ein omskoleringsleir dei nett var skrive ut frå etter at dei nekta å underteikne ein arbeidskontrakt med ein tekstilfabrikk. Der var dei forventa å arbeide 12-timarsskift for ei månadsløn på RMB 600, godt under halvparten av vanleg arbeidarløn.

Kinesiske medium hevdar at uighurane dei treff på fabrikkane, er takksame og glade for å jobbe der, fordi dei hadde vanskar med å finne arbeid før opphaldet. Angiveleg skuldast desse vanskanane at dei var dårleg utdanna, dårlege i kinesisk og/eller radikaliserde⁶.

Eit ektepar som arbeider på tefabrikken ved Yutian treningsleir i Hotan (Hetian), fortel til det kinesiske nyhendebyrået Xinhua (2018) at dei tener RMB 4000 i månaden. Dei arbeider fem dagar i veka og kan reise heim i helgene. På fabrikkken har dei ei fin leilegheit med TV og rosa gardiner. Mannen vil verte rekneskapsfører og har endeleg fått eit mål med livet.

6. MANGE KAN VERE UTSETT

Viss talet på kor mange som til no har vore sende til leirar, ligg rundt ein million, tyder det at kring 8 % (ca. éin av 13) av alle muslimar i Xinjiang, er eller har vore sende til

⁶ I røynda er arbeidsmarknaden i Xinjiang svært etnisk delt. Sjølv om det ikkje er lovleg, gjer mange stillingsutlysingar det klart at berre han-kinesarar treng å ta seg bryet med å søkje (sjå t.d. UHRP 2017, s. 14 – der nokre av dataa er henta frå uighur.biz (Uyghur Online), ein nettstad som no er stengd. Den var stifta og drive av Ilham Tohti, som lenge var ein av dei best kjende og fritalande uighurane i Kina. Han sitt no i fengsel på livstid, dømd for «separatisme»).

ein leir⁷. Truleg har dei ikkje mykje meir til felles enn at dei er muslimar og høyrer til ein etnisk minoritet.

Nokre stader set lokale styresmakter kvoter for kor mange (prosent) av lokalbefolkninga som skal sendast til omskolering (Millward 2019; Hoshur 2018c). Lokale tenestepersonar har innrømme overfor RFA at dei har motteke kvoter over muslimar som skal sendast til re-education. I juni 2018 skreiv RFA (Hoshur 2018c) at

[...] the party secretary of Qaraqash's Aqsaray township told RFA at the end of last year that he and other township officials had received an order from county-level authorities to target 40 percent of the population for re-education.

Tenestepersonar frå Ghulja fortalde òg til RFA i mars 2018 (Hoshur 2018d) at dei hadde vorte kritiserte av eit «special investigation team on re-education» for at langt færre vart sende til leirar der enn i regionens sørlege del. Tryggingssjefen i eit distrikt i Ghulja (Yining på kinesisk) uttala til RFA at:

[...] he had "received orders from above" and was "implementing the requirements demanded by the regional government," adding that he was told to attain a quota of detainees, without providing further details.

Der eit slikt kvotesystem er i operasjon, vil nødvendigvis alle muslimar vere i risikosona.

Offisielt er det imidlertid som tidlegare nemnt personar som vert oppfatta å ha «politically incorrect ideas» og/eller som er influert av separatisme og religiøs ekstremisme, som skal sendast til omskoleringsleirar (Hoshur 2018d; Qiao 2019). Den offisielle definisjonen av ekstremisme har stadig vorte utvida, til no å famne ganske vanlege muslimske praksisar.

Likevel er nokre kategoriar personar meir i faresona for å verte sendt til omskoleringsleir enn andre. Adrian Zenz ved European School of Culture and Theology er ein av dei som har studert leirsystemet i størst detalj. Ifølgje han er det i hovudsak tre kriterium som gjer ein utsett (Zenz, møte 2018):

1. Religiøs overtyding (demonstrert t.d. gjennom aktivitetar eller innhald på telefonen)
2. Kontakatar eller opphald i utlandet («if you have been abroad, you are guaranteed to be detained»)
3. Visse demografiske kriterium (til dømes er unge menn ein risikokategori)

BBC er av same oppfatning: «Mainstream religious activity, the mildest dissent and any link with Uighurs living in foreign countries appear to be enough to sweep people into the system», skriv John Sudworth (2018). Kva gjeld punkt 2, meiner andre at arrestasjon kanskje ikkje er garantert for alle som har vore utanlands, men at det i alle fall er overhengande sannsynleg for personar som har hatt opphald i eitt av 26 «risikoland», hovudsakleg muslimske land i Nord-Afrika, Midtausten og Sentral-Asia, samt Tyrkia, Malaysia, Thailand og Indonesia (Castets 2019; Richardson møte 2019).

Om ein har slektningar som er politisk aktive i utlandet eller som uttaler seg kritisk om kinesiske styresmakters behandling av muslimar i Xinjiang, er dette òg eit risikooment:

⁷ Andre estimat seier 10–11% (t.d. Millward 2019: "It is believed that the PRC has so far locked up over 10 percent of the adult Muslim population of Xinjiang"), men då er det berre uighurar som utgjør universet. Vi må imidlertid hugse at kasakar og andre muslimar òg er siktemål.

Slektningane til seks USA-baserte journalistar i Radio Free Asia har vorte sende til leirar og «other locations», og dette vert sett i samanheng med journalistane sitt arbeid (WP 2018; RFA 2018b). Heile 25 av slektningane til Gulchehra Hoja, uighursk RFA-journalist basert i Washington, skal vere sende til leirar i Xinjiang (Amnesty 2019).

I tillegg kan slekt, vener og kjende verte nytta som såkalla «garantistar» av styresmaktene, det vil seie at dei meir eller mindre eksplisitt vil verte sende til ein leir dersom ein sjølv flyktar til eller «hoppar av» i utlandet (Bunin 2019; Qiao 2019).

Sidan 2017 har òg uighurske utanlandsstudentar som har returnert eller vorte sendt (*forced*) attende til Kina, (vorte) forsvunne ved framkomst Kina (Millward 2019). Også familieane deira kan verte råka. BBC (Sudworth 2018) fortel om Reyila Abulaiti, som har budd i England sidan 2002 og som er britisk statsborgar. Kwart år har mor hennar, som har arbeidd i eit kinesisk statseigd selskap mesteparten av sitt vaksne liv, kome på vitjing om sommaren. Det gjorde ho òg i 2017, men etter at ho flaug heim i byrjinga på juni det året, forsvann ho. Da artikkelen vart skriven (oktober 2018), visste Abulaiti framleis ikkje kvar mor hennar var.

Dette er nok ikkje eit eingongstilfelle, Millward (2019) skriv at:

Though generally not publicly religious, members of the Uighur cultural, academic, and business elite, including top administrators of universities and chief editors of presses, have been singled out for detention.

7. KVA VIL SKJE VIDARE?

Den tilstramma situasjonen har med andre ord vorte tydeleg for alle, inkludert for uighurar som ikkje tidlegare hadde hatt noko uoppgjort med styresmaktene. No er det så fullt i leirane i Xinjiang at innsette der vert sende til regulære fengsel i andre provinsar landet over, frå Qinghai til Sichuan, Indre Mongolia og Shandong, skriv RFA (Hoshur 2019a; 2019b).

Det er verdt å minne om at fokuset på omskolering ikkje tyder at det er slutt på andre typar sanksjonar, til dømes gjennom det regulære straffesystemet. Talet på innsette i regulære fengsel i Xinjiang er høgt og stadig aukande. Tal frå kinesiske styresmakter viser at arrestasjonar i straffesaker (*criminal arrests*) i Xinjiang auka med 306 % frå 2013 til 2017. Den sterkaste auka, på 200 000 fleire arrestasjonar, kom mellom 2016 og 2017. Dette utgjorde 21 prosent av alle arrestasjonar som fann stad i Kina i 2017, sjølv om Xinjiang berre har kring 1,5 % av landets befolkning (CHRD 2018; Millward 2019).

Kva vil skje framover? I mars 2019 justerte Adrian Zenz opp det tidlegare anslaget sitt over talet på internerte i Xinjiang frå 1 million til 1,5 millionar. I same artikkel sa Wang Yang, leiar for Kina sitt høgste rådgjevande organ og medlem av Politbyrået sin ståande komité, at Kina må oppretthalde det høge presset mot «Dei tre kreftene» og perfeksjonere sine «stability maintenance measures» (Reuters 2019).

Jeremy Goldkorn (2018), mangeårig kinakjenner og grunnleggjar av mellom anna observasjonsnettstaden SupChina, er bekymra for kva for følgjer leirsystemet kan få:

What do you do after you lock up several hundred thousand or a million people? You can't let them all go at once. No matter when you let them go, some of the traumatized will nurse resentments that will never go away. If you can't let them go, you have to make the vast system of camps economically viable. So the next step is forced labor, and China has enough entrepreneurs who know a good manufacturing deal when they see one to make that work.

But what comes after that?

8. REFERANSER

Skriftlege kjelder

- AFP, dvs. Agence France-Presse (2019, 29. januar). EU team visits China's Xinjiang region to gather evidence on re-education camps. *South China Morning Post*. Tilgjengeleg frå <https://www.scmp.com/news/china/diplomacy/article/2184008/eu-team-visits-chinas-restive-xinjiang-region-gather-evidence> [lasta ned 6. mai 2019]
- Amnesty International (2019, 20. mars). *Detained Uighur has nervous breakdown*. London: Amnesty International. Tilgjengeleg frå <https://www.amnesty.org/download/Documents/ASA1700732019ENGLISH.pdf> [lasta ned 6. mai 2019]
- Anderson, A. (2019, 22. januar). Death Sentence For a Life of Service. *Art of Life in Chinese Central Asia*. Tilgjengeleg frå <https://livingotherwise.com/2019/01/22/death-sentence-life-service/> [lasta ned 6. mai 2019]
- Atajurt Kazakh Human Rights (2019, 11. januar). Ethnic kazakhs Released but did not send back to Kazakhstan. *Atajurt Kazakh Human Rights*. Tilgjengeleg frå YouTube <https://www.youtube.com/watch?v=D-nzdyQ5psQ> [lasta ned 6. mai 2019]
- Blanchard, B. (2019, 6. januar). China says pace of Xinjiang 'education' will slow, but defends camps. *Reuters*. Tilgjengeleg frå <https://www.reuters.com/article/us-china-xinjiang-insight/china-says-pace-of-xinjiang-education-will-slow-but-defends-camps-idUSKCN1P007W> [lasta ned 6. mai 2019]
- Buckley, C. (2018, 8. september) China Is Detaining Muslims in Vast Numbers. The Goal: 'Transformation.' *New York Times*. Tilgjengeleg frå <https://www.nytimes.com/2018/09/08/world/asia/china-uyghur-muslim-detention-camp.html> [lasta ned 6. mai 2019]
- Buckley & Ramzy (2018, 16. desember). China's Detention Camps for Muslims Turn to Forced Labor *New York Times*. Tilgjengeleg frå <https://www.nytimes.com/2018/12/16/world/asia/xinjiang-china-forced-labor-camps-uyghurs.html> [lasta ned 6. mai 2019]
- Bunin, G. (2019, 18. januar). Detainees Are Trickling Out of Xinjiang's Camps. *Foreign Policy*. Tilgjengeleg frå <https://foreignpolicy.com/2019/01/18/detainees-are-trickling-out-of-xinjiangs-camps/> [lasta ned 6. mai 2019]
- Busby, S. (2018, 4. desember). Testimony of Deputy Assistant Secretary Scott Busby. *United States Senate Committee on Foreign Relations*. Tilgjengeleg frå https://www.foreign.senate.gov/imo/media/doc/120418_Busby_Testimony.pdf [lasta ned 6. mai 2019]
- Byler, Darren T. (2018). *Spirit Breaking: Uyghur Dispossession, Culture Work and Terror Capitalism in a Chinese Global City*. Seattle: University of Washington. Tilgjengeleg frå https://digital.lib.washington.edu/researchworks/bitstream/handle/1773/42946/Byler_washington_0250E_19242.pdf [lasta ned 6. mai 2019]
- Castets, R. (mars 2019). Uigurenes umulige skjebne. *Le Monde diplomatique*.
- CCTV, dvs. China Central Television (2018a, 16. oktober). Jiaodian fangtan. Zhulao genji Yuantou zhili [Brennpunkt-intervjuet. En sterk grunnmur gir god forvaltning]. *CCTV*. Tilgjengeleg frå <http://tv.cctv.com/2018/10/16/VIDEvr9aq34SsDMrB6IRGnh181016.shtml> [lasta ned 6. mai 2019]
- CCTV (2018b, 30. desember) Dongfang Shikong: Xinjiang – Jizhe tanfang zhiye jineng jiaoyu peixun zhongxin [Tid og rom i Østen: Xinjiang – Reporter oppsøker yrkesopplæringscenter]. *CCTV*. Tilgjengeleg frå <http://tv.cctv.com/2018/12/30/VIDEerzWMceyQCy5xVdlDaU4181230.shtml> [lasta ned 6. mai 2019]

- China Daily (2018, 28. mars). Xinjiang hikes minimum wage by 10%. *China Daily*. Tilgjengeleg frå <http://global.chinadaily.com.cn/a/201803/28/WS5abb7167a3105cdcf6514e3a.html> [lasta ned 6. mai 2019]
- China Story, The (2012, 2. august). Xinjiang. *The China Story*. Tilgjengeleg frå <https://www.thechinastory.org/keyword/xinjiang/> [lasta ned 6. mai 2019]
- CHRD, dvs China Human Rights Defenders (2018, 25. juli). Criminal Arrests in Xinjiang Account for 21% of China's Total in 2017. *CHRD*. Tilgjengeleg frå <https://www.nchrd.org/2018/07/criminal-arrests-in-xinjiang-account-for-21-of-chinas-total-in-2017/> [lasta ned 6. mai 2019]
- Constitution of the People's Republic of China (2004, 14. mars). Tilgjengeleg frå http://www.npc.gov.cn/englishnpc/Constitution/node_2825.htm [lasta ned 16. mai 2019]
- Cui, J. (2014, 27. April). Xi calls for action against terrorism. *China Daily*. Tilgjengeleg frå http://www.chinadaily.com.cn/china/2014-04/27/content_17468483.htm [lasta ned 6. mai 2019]
- Dooley, B. (2018, 25. oktober). Inside China's internment camps: tear gas, Tasers and textbooks. *AFP*. Tilgjengeleg frå <https://www.afp.com/en/inside-chinas-internment-camps-tear-gas-tasers-and-textbooks> [lasta ned 6. mai 2019]
- Economist (2016, 3. september). The race card. *The Economist*. Tilgjengeleg frå <https://www.economist.com/china/2016/09/03/the-race-card> [lasta ned 6. mai 2019]
- Economist (2018, 31. mai). China has turned Xinjiang into a police state like no other. *The Economist*. Tilgjengeleg frå <https://www.economist.com/briefing/2018/05/31/china-has-turned-xinjiang-into-a-police-state-like-no-other> [lasta ned 6. mai 2019]
- Finley, J.S. (2019). Securitization, insecurity and conflict in contemporary Xinjiang: has PRC counter-terrorism evolved into state terror? *Central Asian Survey*, 2019, 38(1), 1–26. Tilgjengeleg frå <https://doi.org/10.1080/02634937.2019.1586348> [lasta ned 6. mai 2019]
- Foreign Policy (2018, 28. februar). A Summer Vacation in China's Muslim Gulag. *Foreign Policy*. Tilgjengeleg frå <https://foreignpolicy.com/2018/02/28/a-summer-vacation-in-chinas-muslim-gulag/#> [lasta ned 13. mai 2019]
- [Forskrift mot ekstremisme]. «Xinjiang Weiwuer Zizhiqu Qujidianhua Tiaoli» gongbu shixing. [«Forskrift om av-ekstremisering for Xinjiang uighurske autonome region» iverksatt]. Tilgjengeleg frå https://www.guancha.cn/politics/2018_10_10_474949.shtml [lasta ned 6. mai 2019]
- Goldkorn, J. (2018, 18. desember). Forced Labor In Xinjiang Camps. *SupChina*. Tilgjengeleg frå <https://supchina.com/2018/12/18/forced-labor-in-xinjiang-camps/> [lasta ned 6. mai 2019]
- Guardian (2018, u.å.). Gene A. Bunin. *The Guardian*. Tilgjengeleg frå <https://www.theguardian.com/profile/gene-a-bunin> [lasta ned 6. mai 2019]
- Hoshur, S. (2018a, 6. august). 'No Releases' of Thousands Held For Years in Xinjiang Township Political 'Re-education Camps'. *Radio Free Asia*. Tilgjengeleg frå <https://www.rfa.org/english/news/uyghur/township-08062018145657.html> [lasta ned 6. mai 2019]
- Hoshur, S. (2018b, 9. mai). Authorities in Xinjiang's Kashgar Detain Uyghurs at 'Open Political Re-Education Camps'. *Radio Free Asia*. Tilgjengeleg frå <https://www.rfa.org/english/news/uyghur/camps-05092018154928.html> [lasta ned 6. mai 2019]
- Hoshur, S. (2018c, 14. juni). Nearly Half of Xinjiang Village's Residents Sent to 'Political Re-Education Camps': Official. *Radio Free Asia*. Tilgjengeleg frå <https://www.rfa.org/english/news/uyghur/half-06142018132115.html> [lasta ned 6. mai 2019]
- Hoshur, S (2018d, 19. mars). Xinjiang Authorities Up Detentions in Uyghur Majority Areas of Ghulja City. *Radio Free Asia*. Tilgjengeleg frå

- <https://www.rfa.org/english/news/uyghur/detentions-03192018151252.html> [lasta ned 6. mai 2019]
- Hoshur, S. (2019a, 19. mars). Uyghur Detainees from Xinjiang ‘Placed in Nearly Every Prison’ in Shandong Province *Radio Free Asia*. Tilgjengeleg frå <https://www.rfa.org/english/news/uyghur/transfer-03192019150438.html> [lasta ned 6. mai 2019]
 - Hoshur, S. (2019b, 21. februar). China Spiriting Uyghur Detainees Away From Xinjiang to Prisons in Inner Mongolia, Sichuan. *Radio Free Asia*. Tilgjengeleg frå <https://www.rfa.org/english/news/uyghur/detainees-02212019162142.html> [lasta ned 6. mai 2019]
 - HRW, dvs. Human Rights Watch (2018, 9. september). *Eradicating Ideological Viruses*. New York: Human Rights Watch. Tilgjengeleg frå https://www.hrw.org/sites/default/files/report_pdf/china0918_web.pdf [lasta ned 6. mai 2019]
 - HRW (2019, 1. mai). *China’s Algorithms of Repression*. New York: HRW. Tilgjengeleg frå https://www.hrw.org/sites/default/files/report_pdf/china0519_web3.pdf [lasta ned 6. mai 2019]
 - International Covenant on Civil and Political Rights (1966). Tilgjengeleg frå <https://treaties.un.org/doc/publication/unts/volume%20999/volume-999-i-14668-english.pdf> [lasta ned 16. mai 2019]
 - Kuo, M. (2017, 28. desember). Uyghur Biodata Collection in China. *The Diplomat*. Tilgjengeleg frå <https://thediplomat.com/2017/12/uyghur-biodata-collection-in-china/> [lasta ned 6. mai 2019]
 - Kuo, L. (2018, 13. september). ‘My soul, where are you?’: families of Muslims missing in China meet wall of silence. *The Guardian*. Tilgjengeleg frå <https://www.theguardian.com/world/2018/sep/13/uyghur-xinjiang-family-missing-china-kazakhstan> [lasta ned 6. mai 2019]
 - Lau, M. (2018, 13. oktober). How China defines religious extremism and how it justifies Xinjiang re-education camps for Muslims. *South China Morning Post*. Tilgjengeleg frå <https://www.scmp.com/news/china/politics/article/2168412/how-china-defines-religious-extremism-and-how-it-justifies> [lasta ned 6. mai 2019]
 - Martin, P. (2019, 24. januar). Inside Xinjiang: A 10-Day Tour of China’s Most Repressed State. *Bloomberg*. Tilgjengeleg frå <https://www.bloomberg.com/news/features/2019-01-24/inside-the-vast-police-state-at-the-heart-of-china-s-belt-and-road> [lasta ned 6. mai 2019]
 - Millward, J. (2019, 7. februar). ‘Reeducating’ Xinjiang’s Muslims. *The New York Review of Books*. Tilgjengeleg frå <https://www.nybooks.com/articles/2019/02/07/reeducating-xinjiangs-muslims/> [lasta ned 6. mai 2019]
 - Mo, J.X. (2019, 22. januar). Beijing dismisses CNN's Xinjiang report as false. *China Daily*. Tilgjengeleg frå <http://global.chinadaily.com.cn/a/201901/22/WS5c465e92a3106c65c34e5b91.html> [lasta ned 6. mai 2019]
 - Nebelay, S. (2018, 30. august). U.N. calls on China to free Uighurs from alleged re-education camps. *Reuters*. Tilgjengeleg frå <https://www.reuters.com/article/us-china-rights-un/u-n-calls-on-china-to-free-uighurs-from-re-education-camps-idUSKCN1LF1D6> [lasta ned 6. mai 2019]
 - Niewenhuis, L. (2018, 25. juli). A Police State Of Historic Proportion: Criminal Arrests Up 731 Percent In Xinjiang. *SupChina*. Tilgjengeleg frå <https://supchina.com/2018/07/25/a-police-state-of-historic-proportion-criminal-arrests-up-731-percent-in-xinjiang/> [lasta ned 6. mai 2019]

- Qiao, L (2019, 1. januar). Businesses in China's Xinjiang Use Forced Labor Linked to Camp System. *Radio Free Asia*. Tilgjengeleg frå <https://www.rfa.org/english/news/china/xinjiang-labor-01012019124218.html> [lasta ned 6. mai 2019]
- Reuters (2019, 26. mars). Xinjiang crackdown must continue, top China leader says. *The Guardian*. Tilgjengeleg frå <https://www.theguardian.com/world/2019/mar/26/xinjiang-crackdown-must-continue-top-china-leader-says> [lasta ned 6. mai 2019]
- RFA, dvs. Radio Free Asia (2018, 8. august). Xinjiang Political 'Re-Education Camps' Treat Uyghurs 'Infected by Religious Extremism': CCP Youth League. *Radio Free Asia*. Tilgjengeleg frå <https://www.rfa.org/english/news/uyghur/infected-08082018173807.html> [lasta ned 6. mai 2019]
- RFA (2018b, 3. april). Our Families Face Tremendous Pressure. *Radio Free Asia*. Tilgjengeleg frå YouTube <https://www.youtube.com/watch?v=nqShCoo79eo> [lasta ned 6. mai 2019]
- RFA (2018c). Behind the Walls: Uyghurs Detail Their Experience in China's Secret 'Re-Education' Camps. *Radio Free Asia*. Tilgjengeleg frå <https://www.rfa.org/english/news/special/uyghur-detention/index.html> [lasta ned 6. mai 2019]
- Richardson, S. (2019, 7. januar). *China's Xinjiang Tour Should Have Fooled No One*. Human Rights Watch. Tilgjengeleg frå <https://www.hrw.org/news/2019/01/07/chinas-xinjiang-tour-should-have-fooled-no-one> [lasta ned 6. mai 2019]
- Roberts, Sean (2018, 22. mars). The biopolitics of China's "war on terror" and the exclusion of the Uyghurs. *Critical Asian Studies*, 50(2), 232–258. Tilgjengeleg frå <https://www.tandfonline.com/doi/full/10.1080/14672715.2018.1454111> [lasta ned 6. mai 2019]
- Shih, G. (2018, 18. mai). China's mass indoctrination camps evoke Cultural Revolution. *AP*. Tilgjengeleg frå <https://apnews.com/6e151296fb194f85ba69a8babd972e4b> [lasta ned 6. mai 2019]
- Sina.cn (2018, 16. oktober). Jintian de «Jidian Fangtan» bu yi duan Wei Xinjiang zhengming. [«Brennpunkt-intervjuet» spesial. Gjenoppretting av Xinjiangs namn]. *Sina.cn*. Tilgjengeleg frå <https://news.sina.cn/gn/2018-10-16/detail-ihmhafis0845056.d.html> [lasta ned 6. mai 2019]
- Sudworth, J. (2018, 24. oktober). China's Hidden Camps. *BBC*. Tilgjengeleg frå https://www.bbc.co.uk/news/resources/idt-sh/China_hidden_camps [lasta ned 6. mai 2019]
- UHRP, dvs Uyghur Human Rights Project (2017, april). *Discrimination, Mistreatment and Coercion: Severe Labor Rights Abuses Faced by Uyghurs in China and East Turkestan*. Washington D.C.: UHRP. Tilgjengeleg frå https://uhrp.org/docs/Discrimination_Mistreatment_Coercion.pdf [lasta ned 6. mai 2019]
- WP, dvs. Washington Post (2018, 24. november). China is creating concentration camps in Xinjiang. Here's how we hold it accountable. *Washington Post*. Tilgjengeleg frå https://www.washingtonpost.com/opinions/china-is-creating-concentration-camps-in-xinjiang-heres-how-we-hold-it-accountable/2018/11/23/93dd8c34-e9d6-11e8-bbdb-72fdbf9d4fed_story.html [lasta ned 6. mai 2019]
- Watson, I. & Wescott, B. (2019, 21. januar). Uyghur refugee tells of death and fear inside China's Xinjiang camps. *CNN*. Tilgjengeleg frå <https://edition.cnn.com/2019/01/18/asia/uyghur-china-detention-center-intl/index.html> [lasta ned 6. mai 2019]
- Xinhua (2018, 29. oktober). Xinjiang zhiye jineng jiaoyu peixun zhongxin xueyuan: Xiwang quan shijie dou kandao wo xingfu de xiaolian [Student ved Xinjiang yrkesopplæringscenter: Eg håper heile verda får sjå mitt lukkelege smil]. *Xinhuanet*. Tilgjengeleg frå http://www.xinhuanet.com/2018-10/29/c_1123625539.htm [lasta ned 6. mai 2019]
- *Xinjiang Victims Database*. Tilgjengeleg frå <https://www.shahit.biz> [lasta ned 6. mai 2019]

- Zand, B. (2018, 26. juli). A Surveillance State Unlike Any the World Has Ever Seen. *Der Spiegel*. Tilgjengeleg frå <https://www.spiegel.de/international/world/china-s-xinjiang-province-a-surveillance-state-unlike-any-the-world-has-ever-seen-a-1220174.html> [lasta ned 6. mai 2019]
- Zenz, Adrian (2019). "Thoroughly Reforming Them Towards a Healthy Heart Attitude" - China's Political Re-Education Campaign in Xinjiang. *Central Asian Survey* 38(1), 102-128. Tilgjengeleg frå https://www.academia.edu/37353916/NEW_Sept_2018_Thoroughly_Reforming_Them_Towards_a_Healthy_Heart_Attitude_-_Chinas_Political_Re-Education_Campaign_in_Xinjiang [lasta ned 6. mai 2019]
- Zhou, Zunyou (2017, 9. juni). Chinese Strategy for De-radicalization. *Terrorism and Political Violence*. Tilgjengeleg frå <https://www.tandfonline.com/doi/full/10.1080/09546553.2017.1330199?src=recsys> [lasta ned 6. mai 2019]

Munnlege kjelder

- Richardson, Sophie. Telefonmøte, Geneve 26. april 2019.
- Zenz, Adrian. Møte i Oslo 15. desember 2018.